
Fra: Bjordal, Håvard E. <HavardE.Bjordal@bergen.kommune.no>
Sendt: 11. august 2017 15:21
Til: Postmottak Lindås
Kopi: 'havard.bjordal@online.no'
Emne: Søknad om dispensasjon frå byggrgrense - veg
Vedlegg: Alversund disp. grense.pdf; Alversund disp kartskisser (2).pdf; Alversund skisse for påbygg juli 2017 (2).pdf; Alversund Korrespondanse og førehandsvurdering av prosjeket.pdf

*Håvard Bjordal og Aud Rysjedal Bjordal
Myrdalskogen 363,
5117 Ulset
Tlf. 97539167*

Lindås kommune – Teknisk drift

Vi søker her med dispensasjon frå byggegrensa til kommunal veg ved huset vårt, Kyrkjevegen 48 i Alversund – gnr./bnr. 139/22 Lindås kommune

Søknadsskjema følgjer i vedlegg 1, kartskisser følgjer i vedlegg 2.

Eg syner også til tidlegare innsendt førehandsvurdering av tilbygg i Kyrkjevegen 48 innsendt 18.07.17 og svar frå kommunen v/Knut Bjørnevoll den 25. juli. Her var det også bilder med markering på korleis den planlagde utvidinga er tenkt å komme i relasjon til m.a. veg, sjå vedlegg 3 og 4.

Endelig viser eg til kort møte ved resepsjonen på kommunehuset torsdag 3. august (Atle Dingen ?).

Kyrkjevegen er som kjent ein lite traffikert blindveg. Vår planlagde utviding vil heller ikke medføre redusert køyreutsikt. Etter utvidinga vil det likevel vere plass til å køyre og parkere tett ved huset, men vi har også garasje like sør for huset der det er gode parkeringstilhøve.

Eg nemner at eg etter synfaring i samband med oppføring av naust (139/95) ved kommunekaien i 2006 (139/95) også fekk løyve til å plassere hjørnet på naustet nedom muren innanfor eigedomsgrensa til kommunevegen (Bjørnevoll og Fanevoll ?). Då mine tilbyggsplanar er gamle, fekk eg samstundes den tekniske ingeniøren (Fanevoll ?) til å gjere ei vurdering av påtenkte tilbygg og uttalte den gong at han meinte ein slik søknad ville bli innvilga.

Nabo og eigar av gnr. 139/85, fekk løyve til å sette opp tilbygg mot vegen i 2015, men Øystein Tvedt gjekk dessverre bort like etter og det er uvist om dette tilbygget no vert realisert.

Eg syner også til at tilbakemeldinga frå kommunen v/Bjørnevoll var at det var realistisk å få byggeprosjektet godkjent, men eg vart samstundes tilrådd å söke i fleire steg – starte med vegkontoret.

Etter det korte møtet på kommunehuset den 3. august, fekk eg også forståing om at dispensasjon frå byggegrensa nok truleg ville bli gjeve.

Med dette håper vi på snarleg og positiv tilbakemelding frå dykk.

11. august 2017

Med helsing

Håvard Bjordal

4 vedlegg følgjer